

Rådmannen sin rapport –

Pr. 1. tertial 2016

*Pr. 15.5.2016 (oppdaterte tal for januar – april)
Fråværsdata er pr. mars (1.ste kvartal)*

Frå 2016 blir det rapportert frå kommunalsjefane

Generelt om tertialrapporten

Tertialrapportering – bakgrunn

Tertialrapporten er meint som ein avviksrapport. Det som ikkje blir kommentert må ein rekne med er under kontroll. Politikarane treng ikkje vite at administrasjonen og dei tilsette gjer jobben som dei er sett til å gjere, men må vite når det «lugger», kva som blir gjort lokalt for å rette opp og kva som ev. må gjerast noko med politisk. Det er også meininga å rapportere når produksjonen går betre enn rekna.

Tertialrapporten er utarbeidd på eit så grovt nivå som mogeleg.

Tertialrapportering – oppbygging

Rapporten er ein rein avviks-rapport, der kommunalsjefane (frå 2016 av) får høve til å rapportere det som dei sjølv ser som vesentlege avvik i høve til:

- Fråvær (vi har endra frå nærvær til fråvær)
- økonomi
- drift

og som er av ein slik art at Kommunestyret bør bli kjent med dei.

Vesentleg

Rådmannen definerer vesentleg slik at avviket er av ein slik grad at kommunestyret ville ha fatta anna avgjerd dersom dei hadde visst om det.

Tertialrapportering som ledd i anna rapportering

Oppbygginga av tertialrapporten finn ein att også i anna rapportering til kommunestyret. Det vil likevel vere ei litt anna gradering av kva som er «alvorleg» avvik i ei årsmelding enn i ein tertialrapport. Ei årsmelding synar historie og kan ikkje føre til endringar for perioden som det blir rapportert for. Ein tertialrapport vil gje signal om avvik der ein framleis kan gjere justeringar for å rette opp avvika. Dess lengre ut i året tiltak blir sett i verk, dess mindre effekt vil tiltaka ha.

Tertialrapporten – måloppnåing

Rådmannen ynskjer å legge til rette for at mål blir meir klare og meir konkrete slik at ein kan rapportere når målet er nådd. Det er og blir viktig å kunne skilje mellom mål og verkemiddel. Her er Gol kommune for dårlege generelt.

Fråvær

Kommunane sine kostnader er i stor grad lønsbaserte. I ein skilde avdelingar er over 80 % av kostnadene relatert til løn og kostnader knytt til løn. Eit fråvær vil ha ymse konsekvensar frå dårlegare kvalitet og produktivitet i ein skilde avdelingar til høgare kostnader ved overtid, leige av vikar og ekstrahjelp i andre avdelingar som må ha 24/7-tenester. I tillegg vil det sjølv sagt kunne få konsekvensar for brukar. Tiltak som reduserer fråvær vil difor vere vel anvendte pengar.

Økonomi

I utgangspunktet skal ein kommune nytte dei tildelte ressursane til beste for brukarane og innanfor vedtekne mål for verksemda. Ein kommune er budsjettstyrt og ein kan ikkje nytte meir pengar enn ein har budsjett, jfr. [budsjettvedtaket sitt punkt E \(K-sak 103/2015\)](#)

Løn er som tidlegare nemnd den største utgiftsposten. Løn inkl. kostnader til vikarbyrå og refusjon for sjukdom og svangerskap blir følgd opp kvar månad og blir rapportert til rådmannen og kommunalsjefane. Dessutan får UKL og kontrollutvalet dei rapportane som dei har spurt etter.

Andre utgifter enn løn er lettare å kontrollere, men desto lågare i organisasjonen tilsette kan gjere innkjøp, desto større blir avstanden til budsjett og budsjett-disiplin. Kommunalsjefane med dei tidlegare avdelingsleiarane har store fullmakter til å styre tidspunktet for eit innkjøp sjølv, noko som er viktig for å unngå detaljstyring.

Nokre store inntekter veit vi ikkje før februar året etter og desse er kritiske for kommunen si verksemd.

Fokuset i kvartalsrapporten er netto-utgift, slik Gol kommune har budsjettert og rapportert dei seinaste åra. Dette er ikkje nødvendigvis det beste for å få kontroll med kostnadene.

Drift

Med drift meinast dei oppgåvene vi er sett til å løyse innafor budsjett. Her vil ein i utgangspunktet rapportere på måla som er sett – mengde, kvalitet, lovmessige krav, om ein har nådd fristar osb.

Rådmannen legg vekt på at kvartalsrapporteringa skal gje signal om kva for avvik som er kritiske for den einskilde verksemd og som kommunestyret må vite om. Nokre mål kan ein utsetje fleire månader utan særlege konsekvensar, andre kan ein ikkje utsetje ein dag utan kritiske konsekvensar.

I dei aller fleste tilfelle blir måla nådd som meint og planlagt. Rådmannen reknar dette som sjølv sagt og er takksam for alt arbeid som blir lagt ned av alle tilsette for å nå måla. Men kommunestyret skal som tidlegare nemnd ikkje behøve å få rapport over det vi har gjort. Kommunestyret må få orientering om det administrasjonen og verksemdene ikkje har fått utretta (også det ein har fått utretta meir enn målet), årsaka til dette (kort), eiga vurdering av kor alvorleg dette avviket er i høve til måla og om kommunalsjefane kan ordne avviket sjølv. I tillegg blir det orientert om spesielle hendingar (endring innan og mellom brukargruppene) som vil vere viktig å informere om så tidleg som mogeleg.

Mål

Gol kommune sin Kommuneplan for 2008 – 2020 – samfunnsdelen – er ein god plan med mange, store mål. Nokre avdelingar har fått endra sine mål i perioden, medan andre har same mål som for mange år attende. Samfunnsdelen er som nemnd i mange samanhengar overmoden for revisjon.

Rammer for drift – konsekvensar av investeringar:

Kommunestyret har dei siste åra gjort ein del investeringar og planleggjar fleire:

- Ny skule- snart gjennomført – 246 mill. kroner (kommunalt låneopptak)
- EPC-prosjekt – nær 11 mill. kroner (kommunalt låneopptak)

Komande vedtak:

- Fleirbrukshall og basishall – planleggast – kostnadsramme 76 mill. kroner (kommunalt låneopptak i økonomiplanperioden med delvis refusjon av tippemidlar)
- Ny avkøyring RV 7 – ukjent kostnadsramme

Totalt vil Gol kommune ha ei lånegjeld på godt over 500 mill. kroner ved utgangen av 2016. Dette er i tillegg til vårt ansvar for lånegjelda til Gol Kommunale Eigedomar AS.

Vi har eit lågt rentenivå som kan hende gjer at vi ikkje ser konsekvensane av lånegjelda godt nok.

Men også avdrag verkar på drifta, **vi må betale attende låna!**

Det er mogeleg at kommunen sin store investeringsvilje gjer at politikarane blir blinde for konsekvensane, tilsvarande som når ein blir fartsblind.

Det har vore implisitt og akseptert at kommunen må redusere på anna drift. Pr. i dag er desse reduksjonane i liten grad realisert. Det ligger eit stort ansvar for administrasjon å finne andre løysingar på nye utfordringar – vi må vidare våge å seie nei til nye tiltak og politikarane må våge å akseptere dette. Ei ekstra inntekt må ikkje nyttast til nye tiltak, det MÅ vere hovudregelen. Bli nye inntekter nytta til nye tiltak, så kjem vi dårlegare ut av det enn tidlegare. Dessutan og verre; kommunen sine satsingar kan komme som følgje av tilfeldige hendingar og er ikkje styrt i ei spesiell retning.

Rådmannen har gjennom fleire prosessar forsøkt å få både administrasjon og politisk apparat til å konkretisere mål og sjå etter andre måtar å løyse oppgåvene på. Det er ei stor forventning om at oppretting av kommunalsjefs nivået gjer dette mogeleg. Økonomiplanen legger opp til omprioriteringar av drifta for fleire millionar. Då må vi tenke store tankar. Ein kan ikkje rekne med at alle tilbod vil eksistere i si noverande form.

Hovudpoenget er; Gol kommune vil ikkje kunne makte satsinga som blir gjort på fleire nivå utan reelle grep i form av reduserte tilbod andre stader.

Gol kommune kjem ikkje utanom å redusere tenestetilbodet til innbygarane!

Innhold

(For å komme attende til denne sida – klikk øvst til høgre på kvar side - innholdsliste)

1. Oppfølging av vedtak
 - A. [Kommunestyret](#)
 - B. [Formannskapet](#)
 - C. [Utval for kultur og levekår – UKL](#)
 - D. [Utval for natur og næring - UNN](#)

2. [Fråvær - avvik og tiltak](#)

3. Økonomisk status pr. dato – avvik og tiltak
 - a. [Løn](#)
 - b. [Andre kostnader](#)
 - c. [Inntekter inkl. frie inntekter](#)
 - d. [Renter og avdrag](#)
 - e. [Investeringer](#)
 - f. [Fond – bruk og avsetning](#)
 - g. [Balanse – utestående fordringer](#)

4. [Tenesteyting – målsetting – avvik og tiltak](#)

5. [Personalforhold og HMS](#)

6. [Spesielle hendingar og informasjonar](#)

Vedlegg:

- A. [Økonomisk status – totalt for heile kommunen – hovudart](#)

1. A - Oppfølging av vedtak i kommunestyret

- Gjennomført frå Gol si side – kan vere kommentarar
- Ikkje gjennomført, ikkje kritisk – med kommentarar
- Ikkje gjennomført, kritisk – med kommentarar

Frå 2015:

Sak	Saka gjeld	Årsak til avvik/kommentarar
26/2015	Trafikksikkerhetsplan Gol kommune 2015 - 2018 - sluttbehandling	Sendt attende til ny behandling

2016:

Sak	Saka gjeld	Årsak til avvik/kommentarar
Februar-møtet – 02.02.2016		
1/2016	Organisasjonsstruktur - Gol kommune	Helse- og omsorg må legge fram saker om organisering i løpet av våren 2016
2/2016	Ny organisasjonsstruktur i helse- og omsorgsavdelinga i Gol kommune	
3/2016	Sanering av eksisterande høgspantanlegg	Utsatt, sjå sak 19/2016
4/2016	Strategiplan - Den kulturelle skolesekken 2016-2020	
5/2016	Val til styret i Gol kommunale eigedomar AS	
6/2016	Val til kommunerevisjon IKS	
7/2016	Val til styret i Gol skystasjon	
8/2016	Val til styret i Gol sentrum AS	
9/2016	AS Vinmonopolet - søknad om fornying av salsløyve for brennevin, vin og sterkøl	
Mars-møtet 1 – 03.03.2016		
10/2016	Oppretting av stillingsheimlar Læringscenteret Gol - tilleggsopplysning	
11/2016	Kompetanse for kvalitet Strategi for vidareutdanning av lærarar i grunnskulen i Gol fram mot 2025	Påverkar budsjett og økonomiplan Politisk mål
12/2016	Organisering av skuledagen og skuleveka ved Nye Gol skule	
13/2016	Oversiktsdokument folkehelse Gol 2015	Politisk mål
14/2016	Kommunereform - Utredning Nes og Gol	
15/2016	Eigarskapsmelding	
16/2016	Endring av reguleringsplan, Hemsedal Gol Alpin F8 og F11 - behandling etter Plan-og bygningslova § 12-8	
17/2016	2.gangsbehandling og sluttbehandling - Reguleringsplan for Åsli	
Mars-møtet 2 – 29.03.2016		
18/2016	EPC fase 2 og energimerking av kommunal bygg i Gol	Krev låneopptak, påverkar økonomiplan
19/2016	Sanering av høgspantanlegg - Hallingmo	
20/2016	Budsjett rutine - årshjul	
21/2016	Søknad om skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk gruppe 3, endring av skjenkeareal og stedfortreder	
22/2016	Kommunereform - framdrift, innbyggarmedverknad og budsjett	Budsjettjustering hausten 2016
23/2016	Søknad om fritak frå politiske ombod i Gol kommune	
24/2016	Suppleringsval til formannskap og hovudutval	
25/2016	Nyval av varaordførar	
26/2016	Suppleringsval til valstyret	

Sak	Saka gjeld	Årsak til avvik/kommentarar
27/2016	Suppleringsval til styre for Åste og Halvor Jondalens legat	
28/2016	Val av nytt medlem til Hallingtinget	
29/2016	Suppleringsval - råd for eldre og menneskje med nedsett funksjonsevne	
30/2016	Unntatt offentlighet, Offl § 13 Jf Fvl § 13 1.ledd nr 1	Budsjettjustering hausten 2016
April-møtet – 24.04.2016		
31/2016	Byggeregnskap Helsetunvegen - prosjekt 108	Øk.sjef må søke refusjon og betale ekstraord. Avdrag lån Politisk mål vedr. saksutgreiing
32/2016	Fastsetjing av gebyr for sal av alkoholhaldig drikk 2016	
33/2016	Fastsetjing av gebyr for skjenking av alkoholhaldig drikk 2016	
34/2016	Val av forliksråd og møtefullmektigar 2017 - 2020	
35/2016	Val av meddommarar til tingretten 2017-2020	
36/2016	Val av lagrettemedlemer og meddommarar til lagmannsretten 2017 - 2020	
37/2016	Val av lagrettemedlemer og meddommarar til lagmannsretten 2017 - 2020	
38/2016	Val av skjønnsmedlemer for perioden 2017 - 2020	

1. B - Oppfølging av vedtak i formannskapet

- Gjennomført frå Gol si side – kan vere kommentarar
- Ikkje gjennomført, ikkje kritisk – med kommentarar
- Ikkje gjennomført, kritisk – med kommentarar

Frå 2014:

Sak	Saka gjeld	Årsak til avvik/kommentarar
Mai-møtet – 07.05.2014		
19/2014	Finansiering av ny veg frå RV7 til Gol sentrum	Bør ha budsjettsak også når det gjeld utgreiing
Juni-møtet – 05.06.2014		
30/2014	Bustader og velferd	Skal vurderast i samband med handlingsplan 2015 – 2018. Adm. skal utarbeide politisk sak med forslag til avhending av kommunale bustader samt utarbeide saker med forslag til etablering av eigna bustader for vanskelegstilte i kommunen.
August-møte 2 – 28.08.2014		
38/2014	Infrastruktur – Hallingmo	Vedtaket gjeld infrastruktur Hallingmo – adm. må lage ny sak

Frå 2015:

Sak	Saka gjeld	Årsak til avvik/kommentarar
Desember-møtet – 3.12.2015		
65/2015	Finansiering av ny veg frå RV7 til Gol sentrum	Bør ha budsjettsak også når det gjeld utgreiing

2016:

Sak	Saka gjeld	Årsak til avvik/kommentarar
Januar-møte – 21.1.2016		
1/2016	Debatthefta - KS Spør - Hovedoppgjøret 2016	Adm. utformar svar på spørsmål
2/2016	Organisasjonsstruktur - Gol kommune	Til kommunestyret for vedtak
3/2016	Ny organisasjonsstruktur i helse- og omsorgsavdelinga i Gol kommune	Til kommunestyret for vedtak
4/2016	Framtidig organisering av kommunelegetenesta med økonomiske konsekvensar	Plan for legetenester skal vere ferdig i løpet av 2016 Politisk mål
5/2016	Kommunal planstrategi 2016-2019. Plan for arbeid i dei politiske organ	Politisk mål
6/2016	Sanering av eksisterande høgspentanlegg	Til kommunestyret for vedtak
7/2016	Sal av Glitrehaug skule	Utsett
8/2016	Unntatt offentlighet, Offl § 23 første ledd	Til kommunestyret for vedtak
Februar-møte – 18.2.2016		
9/2016	Oppretting av stillingsheimlar Læringscenteret Gol - tilleggsopplysning	Til kommunestyret for vedtak
10/2016	Kompetanse for kvalitet Strategi for vidareutdanning av lærarar i grunnskulen i Gol fram mot 2025	Til kommunestyret for vedtak
11/2016	Kommunereform - Utredning Nes og Gol	Til kommunestyret for vedtak

Sak	Saka gjeld	Årsak til avvik/kommentarar
12/2016	Høyring - forslag til nytt inntektssystem for kommunane	Til kommunestyret for vedtak
13/2016	Eigarskapsmelding	Til kommunestyret for vedtak
14/2016	Søknad på næringsfondet i Gol kommune 2016, 1. halvår	Politisk mål – revidering av retningslinene før sommar 2016
15/2016	Sal av kommunal eigedom del av gnr. 14, bnr. 349	
<u>Mars-møte – 17.3.2016</u>		
16/2016	Kommunalsjef for oppvekst og kultur - tidlegare tilsetting	Budsjettjustering ¼ - 30/7hausten 2016
17/2016	Sanering av høgspentanlegg - Hallingmo	Til kommunestyret for vedtak
18/2016	EPC fase 2 og energimerking av kommunal bygg i Gol	Til kommunestyret for vedtak
19/2016	Budsjettrutine - årshjul	Til kommunestyret for vedtak
<u>April-møte – 1 – 14.4.2016</u>		
20/2015	Salg av kommunale eiendom 26/157 - Glitre	Budrunde – fullmakt til ordførar
21/2015	Byggeregnskap Helsetunvegen - prosjekt 108	Til kommunestyret for vedtak
<u>April-møte – 2 – 26.4.2016</u>		
22/2015	Handlingsprogram og økonomiplan 2017 - 2020 - årsbudsjett 2017 - innleiande	Retningsgjevande for budsjettarbeidet

1. C - Oppfølging av vedtak i utval for kultur og levekår (UKL)

- Gjennomført frå Gol si side – kan vere kommentarar
- Ikkje gjennomført, ikkje kritisk – med kommentarar
- Ikkje gjennomført, kritisk – med kommentarar

2016:

Sak	Saka gjeld	Årsak til avvik/kommentarar
Januar-møte – 20.1.2016		
1/2016	Organisasjonsstruktur - Gol kommune	Til kommunestyret for vedtak
2/2016	Ny organisasjonsstruktur i helse- og omsorgsavdelinga i Gol kommune	Til kommunestyret for vedtak
3/2016	Framtidig organisering av kommunelegetenesta med økonomiske konsekvensar	Til kommunestyret for vedtak
4/2016	Endringar i organisasjonen for grunnskulen i Gol frå 01.08.16	Til kommunestyret for vedtak
5/2016	Avtale om veiledning i kvalitetsutvikling for grunnskulen i Gol	UKL skal haldast orientert om utvikling Politisk mål
6/2016	Sanering av eksisterande høgspantanlegg	Til kommunestyret for vedtak
7/2016	Strategiplan - Den kulturelle skolesekken 2016-2020	Til kommunestyret for vedtak
8/2016	Vegnamn - namnsetting av veg til Gol skule (Hallingmo)	
9/2016	Vegnamn - namneforslag for vegnr. 3106 i Guriset hyttefelt	
10/2016	AS Vinmonopolet - søknad om fornying av salsløyve for brennevin, vin og sterkøl	Til kommunestyret for vedtak
11/2016	Kulturpris 2015	
Februar-møte – 17.2.2016		
12/2016	Organisering av skuledagen og skuleveka ved Nye Gol skule	Til kommunestyret for vedtak
13/2016	Kompetanse for kvalitet Strategi for vidareutdanning av lærarar i grunnskulen i Gol fram mot 2025	Til kommunestyret for vedtak
14/2016	Revidering av plan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet	Ferdig plan for kommunestyret innan utgangen av 2016 Politisk mål
15/2016	Vegnamn - vidareføring av Kastevegen frå Nes kommune - til Kastet, Hestedokkhytta og Runda i Gol kommune	
16/2016	Vegnamn - namneforslag for ein del vegar i Auenhauglie stølslag	
17/2016	Oversiktsdokument folkehelse Gol 2015	Til kommunestyret for vedtak
Mars-møte – 16.3.2016		
18/2016	Alkoholpolitiske retningslinjer 2016-2020 for Gol kommune	Retningslinjer sendt ut på høyring. Politisk mål
19/2016	Søknad om skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk gruppe 3, endring av skjenkeareal og stedfortreder	Til kommunestyret for vedtak
20/2016	Sanering av høgspantanlegg - Hallingmo	Til kommunestyret for vedtak
21/2016	Unntatt offentlighet, Offl § 13 Jf Fvl § 13 1.ledd nr 1	Til kommunestyret for vedtak
April-møte – 13.4.2016		
22/2016	Namnesak - 2016-2 - oppfordring frå Kartverket om å gjere endringsvedtak for 6 vegnamn i Gol kommune	

Sak	Saka gjeld	Årsak til avvik/kommentarar
23/2016	Namnesak - 2016-2 i Gol kommune - klage frå Kartverket i samsvar med § 10 i lov om stadnamn på 8 vegnamn av nyare dato	
24/2016	Vegnamn - klage på vedtak i UKL 17.02.2016, sak 016/16 - namn for vegnr. 3410 (Rakkesethøgda) og 3440 (Stølshøgda)	
25/2016	Fastsetjing av gebyr for sal av alkoholhaldig drikk 2016	Til kommunestyret for vedtak
26/2016	Fastsetjing av gebyr for skjenking av alkoholhaldig drikk 2016	Til kommunestyret for vedtak

1. D - Oppfølging av vedtak i utval for natur og næring (UNN)

- Gjennomført frå Gol si side – kan vere kommentarar
- Ikkje gjennomført, ikkje kritisk – med kommentarar
- Ikkje gjennomført, kritisk – med kommentarar

2016:

Sak	Saka gjeld	Årsak til avvik/kommentarar
Januar-møtet – 19.01.2016		
1/2016	Utbetring innløp Golsfjellet renseanlegg - Sluttmelding	Prosjekt avslutta, kommunestyret må gjere vedtak
2/2016	Ny traktor og feiekost med oppsamler 2014 - Sluttmelding	Prosjekt avslutta, kommunestyret må gjere vedtak
3/2016	Anbud på VA-anlegg Sislevegen, Gol kommune- Sluttmelding	Prosjekt avslutta, kommunestyret må gjere vedtak
4/2016	Organisasjonsstruktur - Gol kommune	Til kommunestyret for vedtak
5/2016	Naudstrømsaggregat Gol vassverk- Sluttmelding	Prosjekt avslutta, kommunestyret må gjere vedtak
6/2016	Status planarbeid 2016 - status per 4.januar 2016	
7/2016	Gnr. 14, bnr. 18 - søknad om midlertidig bruksendring til asylmottak, Pers Hyttepark, DBC senteret og ANS Pers Resort Apartments	
Februar-møtet – 16.02.2016		
8/2016	Gnr. 17, bnr. 34 og 76 - Klage på vedtak om avslag på frådelling av landbruksareal	Oversendt Fylkesmannen i Buskerud
9/2016	Gnr. 41, bnr. 9 - søknad om løyve til omdisponering av jordbruksareal og dispensasjon - Klage på vedtak i UNN, sak 70/15, 01.12.2015	Klage innvilga med vilkår
10/2016	Endring av reguleringsplan, Hemsedal Gol Alpin F8 og F11 - behandling etter Plan-og bygningslova § 12-8	Til kommunestyret for vedtak
11/2016	2.gangsbehandling og sluttbehandling - Reguleringsplan for Åsli	Til kommunestyret for vedtak
12/2016	Reguleringsplan Petterbråten panorama b4 - 1 gangs behandling	Offentleg ettersyn
Mars-møtet – 15.03.2016		
13/2016	EPC fase 2 og energimerking av kommunal bygg i Gol	Til kommunestyret for vedtak
14/2016	Gnr. 23, bnr. 92 - Søknad om flytting/bytting av tomt H45 - dispensasjon/endring av reguleringsplan § 12-14	Vilkår
15/2016	Reguleringsplan for Klemmavegen 6 - 1. gangsbehandling	Offentleg ettersyn
16/2016	Reguleringsplan for Klemmavegen 6 - 1. gangsbehandling	
17/2016	Gnr. 13, bnr. 1, Rust vestre - Søknad om godkjenning av plan for nydyrking.	
18/2016	Gnr. 23, bnr. 31/92, Ransedokken - Søknad om godkjenning av plan for nydyrking.	
19/2016	Gnr. 13, bnr. 14 - Søknad om konsesjon på erverv av fast eiendom, Rusteplassen	
20/2016	Gnr. 28, bnr. 23 - Søknad om konsesjon på erverv av fast eiendom, Tubbehaugen	
April-møtet – 12.4.2015		
21/2016	Byggeregnskap Helsetunvegen - prosjekt 108	Til kommunestyret for vedtak

Sak	Saka gjeld	Årsak til avvik/kommentarar
22/2016	Gnr. 48, bnr. 152 - Søknad om dispensasjon frå kommuneplan for oppføring av anneks, Turkoppmyri	
23/2016	Gnr. 26, bnr. 17 - Søknad om frådelling av bustadhus, Møllebakken 21	
24/2016	Søknad om dispensasjon for oppføring av grillhytte/sikringsbu ved Dugurdstjern på Nystølfjellet	
25/2016	Status planarbeid 2016 - status for plansaker per 29.03.2016	

2. Fråvær – avvik pr. periodetidspunkt – tiltak

Fråvær er for 1. kvartal (januar – mars)

- Mindre enn 4 % fråvær: Ingen særskilte tiltak naudsynleg
- Mellom 4 % og 8 % fråvær: Kommentar naudsynleg
- Meir enn 8 % fråvær: Tiltak må settast i verk – kommentar naudsynleg

Enhet	Avvik/kommentarar
Rådmann med stab	-
Kommunalsjef oppvekst og kultur	- Under kontroll med tiltak som er sett i gong, sjå utfyllande kommentarar
Kommunalsjef helse og omsorg	- I nokon grad relatert til spesielle omstende som ikkje arbeidsgjevar kan gjere noko med. Tiltak sett inn der det må gjerast. Sjå utfyllande kommentarar
Kommunalsjef samfunn og utvikling	- I nokon grad relatert til arbeidet og omorganiseringsprosessar. Tiltak satt i verk. Sjå utfyllande kommentarar
Vertskommunesamarbeid – Gol er vert	- Fråvær er kjent, definert og under kontroll - Sjå utfyllande kommentarar

Generelt om fråvær

Fråvær kostar pengar og er ressurskrevjande for den som må skaffe vikar og frå avdelingar som må nytte vikar/overtid for å halde seg innafor lovverk og føresetnader sett av Kommunestyret.

Viktig: Reduksjon av sjukefråværet er reduserte utgifter – frå dag 1.


Utfordringane er ressursar til å skaffe vikar, kva for vikar ein nyttar, overtid m.v. Desse utfordringane er større ved kortvarige fråvær enn ved langsiktige fråvær.

Eit samlebegrep for å kunne kontrollere dette er «ressursstyring», enten i form av gode rutinar eller ved bruk av tilgjengeleg verktøy.

Generelt om fråvær for. 1. kvartal 2016

Det rapporterte totale fråværet pr. 1. kvartal 2016 er 7,8 %, tilsvarande tal for same periode tidlegare år:


- 2015 – 6,9 %
- 2014 – 8,6 %
- 2013 – 8,6 %
- 2012 – 7,1 %



Korttidsfråværet pr. 1. kvartal er 2,4 %.
Tilsvarande tal for same periode tidlegare år:

- 2015 – 2,9 %
- 2014 – 3,0 %
- 2013 – 3,0 %
- 2012 – 2,9 %

Det er store variasjonar mellom avdelingane, men også innan avdelingane.



Avvik – nærvær og tiltak

- **Kommunalsjef oppvekst og kultur.**

Barnehagane har totalt sett eit fråvær på 7,1 %, men store skilnader mellom dei forskjellige husa. Etter forholda opplever mange for høgt stressnivå, at det er for lite personale. Det er sett inn tiltak for å redusere fråværet, mellom anna individuell samtale med leder og/eller representant frå HAV. I august vil det i felles planleggingsdag vere tema «Frå stress til trivsel» (førelesar frå NAV) og tema «Helsefremmande arbeid» (frisklivkoordinator).

Skulane har eit totalt fråvær på 7,2 %.

Gol ungdomsskule har eit totalt fråvær på 8,3 %, av dette 6,0 % langtidsfråvær. Tre tilsette er langtidsjukemelde som ikkje er relatert til arbeidsplassen. Tilrettelegging og tilpassing av arbeidsoppgåver er gjennomført, når dette er mogeleg.

Kultur har eit totalt fråvær på 6,1 %, av dette er 4,6 % langtidsfråvær. Biblioteket har eit samla fråvær på 13,6 %. Det er satt i verk tiltak med medverknad frå vernetenesta, HAVA og kommunen sjølv.

- **Kommunalsjef helse og omsorg**

Store variasjonar mellom avdelingane.

Helsestasjonen har eit totalt fråvær på 5,0 %, alt korttidsfråvær-

Psykisk helsevern har eit totalt fråvær på 12,8 %, av dette er 9,7 % langtidsfråvær og 3,1 % korttidsfråvær. Fråværet skuldast alvorleg sjukdom, og dei er under behandling.

Kommunelegetenesta har eit totalt fråvær på 7,5 %, av dette er 6,3 % langtidsfråvær. Fråværet er kjent og har ikkje samanheng med arbeidsplassen.

Kjøkkenet har eit totalt fråvær på 8,3 %, av dette 5,1 % langtidsfråvær. Fråværet er kjent og er under kontroll.

Natt-tenesta har eit totalt fråvær på 28,5 %, av dette 24,1 % langtidsfråvær og 4,4 % korttidsfråvær. Sjukefråværet har i hovudsak vore relatert til tunge og belastande oppgåver.

Institusjon hadde eit fråvær på 4,9 %. Dette er utrolig bra i høve til tidlegare og må nemnast særskilt !!!!!

Heimesjukepleie hadde fyrste kvartal eit totalt fråvær på 15,5 %. Langtidsfråværet var 12,6 %. Dette skuldast skadar og venteliste på operasjon samt hyggelege fråvær som følgje av foreldrepermisjon.

Konsulent for funksjonshemma har eit fråvær på 23,4 %, alt relatert til langtidsfråvær. Arbeidstakar er attende i full stilling.

Tenester til utviklingshemma har eit fråvær på 11,0 %, 8,8 % er langtidsfråvær. Det er mogeleg at fråværet heng saman med endringsprosessar i organisasjon og kultur. Målsettinga med endringane er å tydeleggjere ansvar, oppgåver, roller – samt gje brukarane færre tilsette å halde seg til. Dette vonar vi kan skape trygghet, trivsel og nærvær.

- ***Kommunalsjef samfunn og utvikling***

Landbruk og miljø (tidlegare Næring og miljø) har eit totalt fråvær på 7,4 %, av dette 6,0 % langtidsfråvær. Dette har ikkje samband med arbeidsplassen.

Bygg og drift har eit totalt fråvær på 11,0 %. Langtidsfråværet er 7,9 %. Noko av langtidsfråværet er knytt til sjukdom og skadar, medan noko er arbeidsrelatert. Det er mange omorganiseringssprosessar på gong i avdelinga og ein har knytt til seg bedriftshelsetenesta som eit ledd i å få arbeidstakarane raskare attende i jobb.

- ***Vertskommunesamarbeid – Gol er vertskap.***

Skatteoppkrevaran i Hallingdal har eit totalt fråvær på 9,2 %. Av dette er 6,1 % knytt til langtidsfråvær. Fråværet er ikkje knytt til arbeidssituasjon og er under kontroll.

IKT Hallingdal har eit korttidsfråvær på 6,1 %, men ingen langtidsfråvær. Årsaken til det ekstraordinære korttidsfråværet er kjent, er under kontroll og er ikke relatert til arbeidsforholdene.

Rådmannen sin konklusjon

Totalt var det eit fråvær 1.ste kvartal på 7,8 %. Av dette var 2,4 % kortsiktig fråvær og følgjeleg 5,4 % langsiktig fråvær. Det er positivt at korttidsfråværet for det aktuelle tidsrommet er det lågaste vi har registrert så langt attende som vi har rekna frå. Det langsiktige fråværet verkar det som om administrasjonen har kontroll på.

3. Økonomisk status pr. dato – avvik og tiltak

a) Løn korrigert for refusjon sjukeløn

- Under kontroll
- Under kontroll, men med tiltak
- Tiltak naudsynleg, kommentar naudsynleg

Enhet		Avvik/kommentarar
Rådmann med stab		-
Kommunalsjef oppvekst og kultur		-
Kommunalsjef helse og omsorg		- Sjå kommentarar
Kommunalsjef samfunn og utvikling		-
Vertskommunesamarbeid – Gol er vert		-

Generelt om løn

I utgangspunktet kan ein seie det slik at om budsjett-tala er rett, budsjettet balanserar og ein har kontroll på løn i kommunen, så har ein god kontroll på utgiftene. Avvik sjåast opp mot både budsjett og rekneskap same periode 2015. Løn er ikkje periodisert i budsjettet, men er berekna og rapportert på i høve til prognose. Inntekter for sjukeløn og svangerskap reduserer ev. meirforbruk.

Generelt pr. 1. tertial 2016

Det rapporterte forbruket av løn er under kontroll, med få avvik (gjeld også mindreforbruk). Det er likevel signaler som gjer at einskilde avdelingar må følgjast opp. Omsorgs-sektoren følgjast opp av UKL kvar månad, dei andre avdelingane av rådmannen. Kontrollutvalet har bedt om oversyn over alle avdelingane kvar månad.

Avvik – løn

- ***Kommunalsjef oppvekst og kultur.***

Barnehagane har i sitt budsjett for 2016 lagt inn innsparing pga. redusert barnetal. Søknadene for hausten syner ei auke i talet på søknader i forhold til prognosane som vart laga då budsjettet vart vedteke.

- ***Kommunalsjef helse og omsorg***

HELSE – totalt 350.000 – 400.000 i meirforbruk løn

Meirforbruk i legeteneste som følgje av vikariat under sjukdom samt ekstra etter at Gol fekk asylmottak.

Utbetaling av bonus til legane blir synleg som løn, men vil jamne seg ut med refusjon frå HELFO.

- OMSORG – totalt 950.000 – 1.000.000 i meirforbruk løn

Institusjon har eit meirforbruk på nær 800.000 pr. april. (Avviket er noko lågare ettersom refusjon for sjukdom og svangerskap ikkje er bokført på rapporteringstidspunktet. Fråværet har som nemnd vore lågt i perioden, så veldig reduksjon er det neppe).

Bruk av regulativbestemte tillegg er særst høgt i høve til andre år. Dette har sin årsak i at sjukefråvær på raude dagar fører med seg dobbelt utbetaling.

Innleige frå vikarbyrå er bokført med 333.000 kroner i samband med mangel på kvalifisert helsepersonell.

Bruk av ekstra-hjelp og vikar i samband med overbelegg på sjukeheimen svarar til om lag 10 – 12 timar dagleg og totalt 6 brukarar på ODA

Natt-tenesta har eit meirforbruk som følgje av at det har teke tid å redusere den uheimla stillinga («den femte nattevakta»). Dette som følgje av stort arbeidspress i heimetenesta og sjukeheimen. I tillegg fleire urolege brukarar i institusjonen som treng 1:1 – bemanning. Det har vidare vore eit høgt sjukefråvær i natt-tenesta som slår ut sterkt for denne tenesta.

Heimesjukepleie har eit meirforbruk på litt meir enn 800.000 pr. april. (Meirforbruket vil vere noko lågare ettersom refusjon for sjukdom og svangerskap ikkje er ført for april).

Ressurskrevjande brukar døde i januar, men naturleg reduksjon i arbeidspress vart erstatta av fire dårlege eldre frå sjukehus med omfattande behov for pleie og tilsyn.

Fleire og dårlege pasientar vert skrivne ut frå sjukehus. Avansert behandling i heimen naudsynleg ettersom det ikkje er plass på helsetunet eller Hallingdal Sjukestugu.

Mykje overtid i februar og mars etter ei periode med oppkast og diaré blant både brukarar og personal.

Bruk av kortvaktar i Torstadvegen på grunn av meir sjuke brukarar samt at avdelinga har vore nøydd til å ha meir enn 1 tilsett på vakt.

Tenester til utviklingshemma har eit mindreforbruk pr. april på nær 700.000. (Mindreforbruket vil vere noko meir positivt ettersom refusjon for sjukdom og svangerskap ikkje er ført for april).

Mangel av fagkompetanse samt vakansar i stillingar.




Endra turnus der enkelte etter eige ynskje går i langvaktar i helga 13. timar.

Rådmannen sin konklusjon:

Omsorg har for dei tre verksemdene eit meirforbruk pr. april. Rådmannen følgjer tett på og har analysert tilsvarande tal pr. mai og registrerer at det samla meirforbruket går ned betydeleg. Arb.g.avgift og pensjon blir ikkje rapportert særskilt. Eig høgare forbruk enn budsjettert fører automatisk til høgare sosiale kostnader.

Omsorgsavdelinga følgjast særskilt månad for månad og blir rapportert til UKL straks etter lønskøyning kvar månad. Også alle dei andre avdelingane følgjast opp månadleg, men dette blir gjort administrativt. Kontrollutvalet får rapportar for alle avdelingar månadleg.

b) Andre kostnader

	Under kontroll
	Under kontroll, men med tiltak
	Tiltak naudsynleg, kommentar naudsynleg

Generelt:

Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunal tenesteproduksjon vil normalt ha variasjonar gjennom året.

Ettersom Gol kommune praktiserer netto-budsjettering, så må ein ta med heile bilete, både inntekter og utgifter. *Vedlegg A* syner rekneskapet på eit veldig grovt nivå.

Enhet		Avvik/kommentarar
Rådmann med stab		- Sjå kommentarar
Kommunalsjef oppvekst og kultur		-
Kommunalsjef helse og omsorg		-
Kommunalsjef samfunn og utvikling		- Sjå kommentarar
Vertskommunesamarbeid – Gol er vert		-

Kommentar – andre kostnader

- ***Rådmann med stab***

Kjøp av tenester til konsulentar – nær 1,2 mill. kroner – til 3.dje avkøyring har ikkje avsett budsjett. Kostnader til utgreiing er ført i driftsrekneskapen ettersom det førebels berre gjeld kostnader til eit dokument og ein plan.

Totale kostnader skal delast med vegvesenet, men korkje kostnader eller inntekter er handsama som budsjettsak.

Kommunalsjef samfunn og utvikling

- Det er kjøpt inn ein brukt feiemaskin frå lokal entreprenør. Denne er kjøpt inn på drift og skal ha ein reduksjon i kjøp av tenester som fører til at maskinen er tent inn i løpet av 2-3 år.

Rådmannen sin konklusjon

Forbruket av andre kostnader har i liten grad noko spesielt mønster for kor tid forbruket skjer. Våre viktigaste partnarar sender ut refusjonskrav i forskjellige periodar. Det gjeld også Gol kommune sjølv som søker refusjon der vi er vertskap.

c) Inntekter

Gol kommune sine skatteinntekter er om lag i samsvar med budsjett. Budsjettjustering for påkommen skatt vil bli føreslege i samband med annan budsjettjustering i haust.

d) Renter og avdrag

Renteinntekter blir ikkje registrert månadleg, men etter forfall. Det er liten skilnad på innskotsrente og lånerente. Renter og avdrag blir følgd fortløpande og verkar under kontroll. Budsjettjustering for påkomne renter vil bli føreslege i samband med annan budsjettjustering i haust.

e) Investeringar

Investeringsrekneskapen syner at kommunen pr. april har nytta netto 48 mill. kr. av eit budsjett på 121,5 mill. kr. Det aller meste av forbruket gjeld byggekostnader av skule.

Det vil bli gjort ei periodeavslutning for finansiering pr. juni 2016

Det blir utarbeidd egne oversyn som vert sendt til avdelingane.

Det er avvik på følgjande prosjekt:

- Infrastruktur til nye Gol skule. F-sak 65/2015 legg opp til eigen sak om infrastruktur Hallingmo. Infrastruktur pr. april 2016 er underbudsjettert og underfinansiert.
- Prosjektering fleirbrukshall og basishall. Prosjektering er ikkje del av sjølve budsjettbeløpet. Det er pr. april bokført 1,25 mill. kroner på dette. Rådmannen vurderer flytting av kostnad til driftsrekneskapen, men det endrar ikkje manglande finansiering.
- Hallingmoprojektet (frå 2007) bør bli avslutta og resterande midlar fordelt på dei to arbeidsgruppene som skal arbeide vidare.
- Kjøp av server – budsjettert som investering – vil bli vurdert nullstilla. Låneopptak attendebetalt.
- [Tippemidlar – rehabilitering kunstgrasbane](#) – tilsagn om 803.000 kroner. Dette er ikkje budsjettert som inntekt.

f) Finansiering – bruk og avsetning til fond

Bruk av fond vert følgd opp særskilt. Dette vil i 2016 gjerast pr. juni som ei førebels årsavslutning for å finne avvik så tidleg som mogeleg.

Rådmannen sin konklusjon

Rådmannen har ingen kommentarar til punktet pr. fyrste tertial.

g) Balanse – vurdering av uteståande fordringar, fondsmidlar m.v.

Arbeidet med uteståande fordringar skjer kontinuerleg og målet er å få redusert uteståande beløp og i verste fall få avskrive som uinndriveleg det som openbart blir vanskeleg få kravd inn. Ein del ekstra tiltak er satt i gong og vi vonar at dei vil føre fram.

Arbeidet skal også føre til at avdelingane blir følgd opp betre og at dei blir meir klare på kva dei skal gjere når ein kunde begynner å misleghalde sine fakturaer.

Rådmannen sin konklusjon

Rådmannen har ingen kommentarar til punktet pr. fyrste tertial.

4. Tenesteyting – målsetting – avvik og tiltak

- Avdelinga har ingen kommentarar
- Avdelinga har avvik, inga behov for tiltak, men må kommenterast
- Avdelinga har avvik, behov for tiltak, må kommenterast

Enhet		Avvik/kommentarar
Rådmann med stab		-
Kommunalsjef oppvekst og kultur		-
Kommunalsjef helse og omsorg		- Sjå kommentarar
Kommunalsjef samfunn og utvikling		- Nokre vasslekkasjar i fyrste kvartal, men raskt lokalisert og utbetra.
Vertskommunesamarbeid – Gol er vert		- Rekruttering av flyktningkonsulent er i gong

Kommentar – tenesteyting

- ***Kommunalsjef oppvekst og kultur.***

Barnehagane har i sitt budsjett for 2016 lagt inn innsparing pga. forventa redusert barnetal. Søknadene for hausten syner ei auke i talet på søknader i forhold til prognosane som vart laga då budsjettet vart vedteke.

Barn frå det nye mottaket er ikkje søkt inn i barnehage. Avdelingsleiar meiner at 4- og 5-åringar etter kvart må få eit tilbod om barnehageplass, dette for å få ei best mogeleg språkutvikling før skulestart. Kostnader til plass inklusiv foreldrebetaling blir etter søknad dekkja av staten.

- ***Kommunalsjef helse og omsorg***

Institusjonstenesta har i snitt 5 pasientar i overbelegg.

Heimesjukepleien – har fleire utskrivningsklare pasientar som er alvorleg sjuke og krev avansert behandling i heimesjukepleie.

Generelt – helse og omsorg skal redusere med 4 mill. kronar i tenestene. Dette byr sjølvst på utfordringar.

Heimetenestene har ikkje makta å redusere i høve til budsjettmål ettersom det vart skrive ut så mange eldre til heimane.

Institusjonsteneste har teke inn fleire på institusjon for å avhjelpe heimetenesta, som igjen fører til fleire vakter som må dekkast.

Tenester for utviklingshemma har mindreforbruk av di ein ikkje har fått tilsette i vakante stillingar.

Rådmannen sin konklusjon

Endringar i brukargruppene vil alltid endre seg og avdelingane må uansett løyse desse innafør budsjetttramma.

5. Personalforhold og HMS

- Ingen rapporterte forhold
- Rapporterte forhold – ingen eksterne tiltak – kommentar naudsynleg
- Rapporterte forhold – eksterne tiltak – kommentar naudsynleg

Enhet		Avvik/kommentarar
Rådmann med stab		-
Kommunalsjef oppvekst og kultur		- Behov for å skifte portar i alle barnehagar, samt heve ein del gjerder rundt barnehagane
Kommunalsjef helse og omsorg		- Sjå kommentarar
Kommunalsjef samfunn og utvikling		- Sjå kommentarar
Vertskommunesamarbeid – Gol er vert		-

Kommentar – Personalforhold og HMS

- **Kommunalsjef helse og omsorg**
Institusjon har fleire sjukepleiarar ute i foreldrepermisjon. Sjukefråvær har gjort det naudsynleg med fast innleige av sjukepleiarar. Det er mangel på kvalifisert arbeidskraft.

Sett i verk rekrutteringstiltak som gjeld gratis husleige for sommarvikarar.

Punkta over gjeld også heimesjukepleien.

Kommunalsjef samfunn og utvikling

Bygg og drift har satt i gang med ei omfattande omorganisering av reinhaldstenestene. Bygging av nye Gol skule samstundes med nedlegging av Herad, Gol skule og ungdomsskulen samt Lysebo skal etter planen gje eit mindre behov for reinhaldsressursar. Det er etter budsjettvedtak i desember 2015 vedteke å flytte læringscenteret til gamle Gol skule. Det er vanskeleg å seie eksakt kva behovet vil vera for ny Gol skule og læringscenteret på gamle Gol skule, og ein bør vera varsam med å kutte i ressursane før ein kjenner behovet betre. Det køyrast ei omfattande prosess i eininga og tilbakemeldingane så langt er i det store og heile positive.

Rådmannen sin konklusjon

Rådmannen peikar på at budsjettet er styringsreiskapen og at dei økonomiske ramane ikkje gjer det mogeleg å kunne ha beredskap for ulike situasjonar som må oppstå i løpet av året. Vanskelege prioriteringar må gjerast konstant og det er eit leiaransvar å gjere desse prioriteringane.

6. Analyse av KOSTRA-tal

KOSTRA-tallene som vart nytta m.a. i årsmelding for 2015 er verifiserte tal for 2015 og skal ikkje innebere store skilnader frå dei reviderte tala i juni.

Dei kommunane som Gol blir samanlikna med er – etter rådmannen sitt utplukk:

- Birkenes i Aust-Agder
- Bø i Telemark
- Froland i Aust-Agder
- Nes i Buskerud
- Nord-Aurdal i Oppland
- Vågå i Oppland
- Våler i Hedmark
- Øyer i Oppland
- Ål i Buskerud

Det er tidlegare sendt ut ein del statistikk til alle i kommunestyret. Rådmannen ynskjer innspel frå folkevalde om kva dei ynskjer vurdert.

Administrasjonen har også teikna abonnement på Kommunebarometer som skal gje indikatorar på nokre moment som kan vere av interesse å finne ut av. Abonnementet er delt med dei folkevalde.

7. Spesielle hendingar og informasjonar

Ansvarleg	Spesiell informasjon
Rådmann med stab	<ul style="list-style-type: none"> - Kostnader til 3.dje avkøyring blir førebels ført på rådmannen. Desse er ikkje budsjettert. - Kommunereform-arbeidet tek mykje ressursar - Økonomiavdelinga har overteke føring av rekneskapen for Gol Reisemål AS
Kommunalsjef oppvekst og kultur	<ul style="list-style-type: none"> - Det er gjennomført ei spørjeundersøking blant foreldre og personal med tema «Ynskje om naturbarnehage» og svært få ynskte dette. Resultatet er lagt fram i eit felles foreldremøte i mars. Barnehagen vil sjå kva som er ynskjeleg og mogeleg å få til i dei einiskilde barnehagehusa.
Kommunalsjef helse og omsorg	<ul style="list-style-type: none"> - Torstadvegen – pårørande har sendt klage til pasient- og brukarombodet der dei meiner det ikkje ytast forsvarlege tenester og settast inn for liten bemanning - Legevakt-teneste. Flå har meldt seg ut av samarbeidet og det blir færre kommunar å dele på. - Institusjon, heimesjukepleie og legetenestene har for lågt budsjett til medisinske forbruksvarer - Avvikssak meldt av pårørande er sendt til pasient- og brukarombodet. - Timebestilling til legetenesta kan nå gjerast over internett
Kommunalsjef samfunn og utvikling	<ul style="list-style-type: none"> - Ansvar 4200 har endra tekst frå «Næring og miljø» til «Landbruk og miljø» - Samfunn og utvikling har saman med tekniske tenester i Nes levert eit arbeid som ser på moglegheiter og utfordringar ved ei eventuell kommunesamanslåing. Dei tekniske faga ser ei overvekt av fordelar, men utan å ta del i ein lokaliseringsdebatt, vore tydelege på at dei tekniske faga bør vera samla også i ei større kommune.
Vertskommunesamarbeid – Gol er vert	<ul style="list-style-type: none"> - IKT Hallingdal har stillingar som er vakante. Dette i samsvar med signal frå styringsgruppa (rådmennene i Hallingdal). - Skatteoppkrevaran i Hallingdal har tilsett ny medarbeidar til arbeidsgjevarkontrollen. - NAV Gol er i gong med prosessen å rekruttere ny flyktningkonsulent til både Gol og Hemsedal. Avtalen med Fretex om aktivitetsplikt er utvida ut 2016

Rådmannen sin konklusjon

Perioderapportane er meint å vere avviksrapportar. Punktet om spesielle hendingar bør vere ein ventil for det som avdelinga elles ikkje greier å rapportere som avvik, men som avdelinga meiner er viktig å gje orientering om. I nokon grad vil slik orientering gjelde informasjon om manglande ressursar for å få gjort ein god nok jobb. God og ansvarleg politikk handlar om å prioritere blant gode føremål gitt dei økonomiske rammar som finst tilgjengeleg. God og ansvarleg leiing handlar om det same – beinhard prioritering.

Det blir likevel opp til våre politikarar å bestemme kor detaljert dei ynskjer informasjon. Rådmannen er glad for innspel.

VEDLEGG A – (alle tal i heile 1.000 kroner)

Hovedart	Hovedart-tekst	R 2016	B 2016	R/B i %	R 2015	B 2015	R/B i %
10	Lønn	107 659	285 891	37,7 %	100 006	280 350	35,7 %
12	Kjøp av varer og tenester	25 417	62 478	40,7 %	25 036	59 709	41,9 %
13	Kjøp av tenester	22 694	73 187	31,0 %	18 239	62 706	29,1 %
14	Tilskot og tilleggsløyvinger	8 589	27 387	31,4 %	6 127	23 169	26,4 %
	Totalt - driftskostnader	164 358	448 943	36,6 %	149 408	425 934	35,1 %
16	Sals- og leigeinntekter	-35 512	-80 554	44,1 %	-31 965	-78 202	40,9 %
17	Refusjonar og tilskot	-11 800	-93 219	12,7 %	-12 642	-78 616	16,1 %
18	Overføringer	-107 836	-299 010	36,1 %	-103 994	-283 635	36,7 %
	Totalt - driftsinntekter	-155 147	-472 783	32,8 %	-148 601	-440 453	33,7 %
15	Finansieringsutgifter	7 920	43 221	18,3 %	6 725	36 364	18,5 %
19	Finansieringsinntekter	-494	-19 381	2,5 %	-667	-22 290	3,0 %
	Sum netto finanskostnader	7 426	23 840	31,2 %	6 058	14 074	43,0 %

Kommentarar

Data er henta frå heile rekneskapen. Tala frå 2015 er dei tala som vart rapportert tilsvarande rapport i fjor. Rådmannen ynskjer å få vurdert både brutto-budsjettering vs. netto-budsjettering, budsjettering på KOSTRA-nivå vs. ansvars-nivå, konsernmodell m.v. Det blir likevel nyttelaust å gjere dette utan politisk forankring.

Hovudpost	Hovudpost-tekst	Kommentar
10	Lønspostar	- Totalt for kommunen ein viss grad av uro.
12	Kjøp av varar og tenester til kommunal teneste-produksjon	- Forbruksmønster er veldig forskjellig, år for år. Dette er førebels å sjå på som naturlege variasjonar, men avdelingar med mykje forbruk av årsbudsjettet vil få varsel.
13	Kjøp av tenester som erstattar kommunen sin tenesteproduksjon	- Ingen spesielle avvik som ser ut til å få konsekvens for sluttresultatet
14	Tilskot og tilleggsløyvingar	- Ingen spesielle avvik som ser ut til å få konsekvens for sluttresultatet
16	Sals- og leigeinntekter	- Ingen spesielle avvik som ser ut til å få konsekvens for sluttresultatet
17	Refusjonar og tilskot	- Naturlege variasjonar i refusjon og tilskot – den største refusjonen veit vi ikkje før i februar 2015 - Inkluderer refusjon for sjukefråvær og svangerskapsperm.
18	Overføringar	- I all hovudsak skatt og rammetilskot. I rute pr. april
15	Finansieringsutgifter	- Budsjettet inkluderer fordelte utgifter som blir gjort ved årsavslutning, men som ein vurderer å periodisere - Budsjettet inkluderer renter og avdrag, renter vil kunne bli behandla noko spesielt som følgje av periodisering frå førre år - Budsjettet inkluderer avsetning til fond. Desse blir normalt avsett ved årsavslutning, men det vurderast oftare.

Hovudpost	Hovudpost-tekst	Kommentar
19	Finansieringsinntekter	- Budsjettet inkluderer fordelte utgifter som blir gjort ved årsavslutning, men som ein vurderer å periodisere – sjå kommentar under hovudpost 15 - Budsjettet inkluderer også bruk av fond. Rådmannen vurderer periodisering

Rådmannen sin konklusjon

Oversynet og avvika som er nemnd er rekna som akseptabelt – totalt sett.

Rådmannen ynskjer at tertialrapportane på sikt vil kunne skilje ut det som er særskilt for normal drift i Gol kommune, det som er spesielt for Gol kommune sin måte å organisere verksemda på (interkommunale tiltak) samt kommune-Noreg sin måte å behandle sjølvkost i rekneskapen og budsjett. Arbeidet har diverre ikkje vore prioritert

Gol, 6. juni 2016



Hege Mørk
rådmann